

BØKER

Forsøg med vandstandsregulering paa mosejord. Herning 1911—1922 av C. F. Christensen. «Tidsskrift for Planteavl», bind 32 side 505—559.

Styraren for den danske prøvegarden på myrjord ved Herning på Jylland, gjev ei melding um prøvor med ymse sterk grefting på grasmyr og mosemyr, og oppdemming av grunnvatnet til ymse høgd på grasmyr, i åra 1911—1922.

1. *Prøvor med ymse grefteavstand og greftedjupn på grasmyr.* Disse prøvorne vart gjorde etter fylgjande plan:

- | | | | | | | |
|----|---------|---------------|----|--------|-------|----------|
| 1. | 12,5 m. | grefteavstand | og | 1,0 m. | djupe | grefter. |
| 2. | 12,5 | » | » | 0,5 | » | » |
| 3. | 25,0 | » | » | 1,0 | » | » |
| 4. | 25,0 | » | » | 0,5 | » | » |

Prøvefeltet vart lagd på ei gamal dyrka myr som hadde vore brukt til slått og beite i lang tid. Myra var frå gamalt grefta med opne veiter men desse var for det meste attgrodde eller att-trampa av beitedyra, so myra var sers våt. Dei vigtugaste vokstrane var *bunke* (*Aira caespitosa*) og *knoppsiv* (*Juncus conglomeratus*).

Myra vert grefta etter plana, og umpløgd 1910. Det vart sådd ei blanding av havre og erter i 1911, og i 1912 vart myra sådd til med havre, og attlagd til eng med ei sortrik blanding 3,3 kg. pr. mål.

Seinare har myra lege til eng og årleg vorte gjødsla med 4,0 kg. fosforsyre (P_2O_5) og 8,0 kg. kali (K_2O) pr. mål.

Resultatet av desse prøvorne vert soleis i medel for 12 år:

- | | | | | | | | | |
|----|------|---|--------|---------|---------|-------------|---|--------|
| 1. | 12,5 | — | 1,0 m. | grefter | 808 kg. | høy pr. mål | = | 100 |
| 2. | 12,5 | — | 0,5 | » | 809 | » | » | = 100 |
| 3. | 25,0 | — | 1,0 | » | 799 | » | » | = 99 |
| 4. | 25,0 | — | 0,5 | » | 790 | » | » | = 97,5 |

Utslaga er ikkje sers store, men dei viser likevel at ei sterk grefting her er den beste. Forf. held fram at den sterke greftinga har i dette høve *ikkje* verka skadeleg på avlingane på varug eng, noko som ofte vert hevda i diskusjonen um greftinga under slike tilhøve. Den sterke greftinga vil soleis vera å tilråda, når enga elles vert stellet rasjonelt (når plantesetnaden er god, og enga vert overgjødsla kvart år), og under slike tilhøve får ein full nytte av den sterke greftinga.

I samband med ovannemnde prøvor vart ogso prøvt med sandkjøring, 50 m³ sand pr. mål eller eit sanddekke på 5 cm.

Utslaget har i medeltal for 10 år vore:

- | | | | | |
|-----------|---------|-------------|---|------|
| Med sand | 826 kg. | høy pr. mål | = | 100 |
| Utan sand | 743 | » | » | = 90 |

Sandkjøringa har i medeltal auka avlinga med 10%, og på den sandkjørde myra var det meire belgvokstrar i enga, enn på den ikkje sandkjørde.

2. *Prøver på grasmyr, med oppdemming av grunnvatnet til ymse høgder i veksttida.* Plana for desse prøvorne har vore å demma upp grunnvatnet i opne grefter til 3 ulike høgder, 75—50 og 25 cm. under jordyta i veksttida (mai—aug.) Dei opne grefter vart lagde med 10 eller 20 m. avstand. Det har ikkje lukkast å halda grunnvatnet i den oppdemde høgd, det har stått høgere for 75 cm. demnehøgd, omkring 58—65 cm. underyta, og for dei 2 andre har det vore lægre, soleis 55—63 cm. for 50, og 45—55 cm. under jordyta for 25 cm. demnehøgd. Millom høgste og lægste oppdemming er det soleis ein skilnad i grunnvas-standet på vel 10 cm.

Resultatet er fylgjande i medeltal for 8 år (1913—1920):

Demnehøgd	10 m. gr.avstand		20 m. gr.avstand	
	Kg. høy pr. mål	Relativtal	Kg. høy pr. mål	Relativtal
75 cm.	845	100	815	96
50 »	879	104	888	105
25 »	855	101	910	108

Den høgste demnehøgda (25 cm.) og den største grefteavstand (20 cm.) har gjeve største avlinga. Grunnvatnet har her stått medelhøgt (55—60 cm. under jordyta). Både for høgere og lægre grunnvass-stand er avlingane mindre, men utslaga er ikke sers store, og avlinga er i alle høve mykje god.

Dei ymse vokstrar i enga har reagert soleis for høgere eller lægre grunnvass-stand: *Timotei, engsvingel, raigras og hundgras* har stått best der grunnvatnet har vore lågt, medan *røvehale, eng- og markrapp* og *raudsvingel* har halda seg betre ved høgt grunnvass-stand. Det same har me og set i prøvorne med ymse grefting på Mæresmyra.

3. *Prøver med ymse grefteavstand og greftedjupn på mosemyr.* Prøvorne er gjorde på ei 3 m. djup, lyngvakse mosemyr (Knudemosen ved Herning) i åra 1914—1920. Plana var fylgjande:

1.	Grefteavstand	125 m.	og djupn	1,0 m.	opne grefter.	Veik grefting
2.	»	25 »	»	0,5 »	»	} Medelsterk grefting
3.	»	25 »	»	1,0 »	Attlagd med faskinor	
4.	»	25 »	»	1,0 »	opne grefter	} Sterk grefting
5.	»	25 »	»	1,0 »	Attlagd med rør	

Myra vart fyrst brend i yta, men mykje røter og tæger av *lyng* og *pors* brann ikkje upp so myra var sers vanskeleg å arbeida. Til horvinga brukte dei *finsk Hankmohorv* som viste seg vel skikka til dette arbeidet, alle andre horver som vart prøvde drog seg fulle av røter og tæger og måtte reinskast altfort. Myra vart kalka med 600

kg. kolsur kalk pr. mål, men vart ikkje sand- eller leirkjørt. I 1914 vart myra atlagd til eng utan dekkvekst, med ei sortrik frøblanding på 3,5 kg. pr. mål. I 1915—16 vart myra hausta som vanleg eng og 1917—22 vart ho brukt til beite for ungoxsar.

I beiteåra fastsette dei storleiken av avlinga ved å hausta inn-gjerde rutor på kvart felt, og ved å vega beitedyra. Dei indgjerdde kontrollrutor har vore flytta kvart år.

Resultatet for dei ymse år har vore:

	1915—1916		1917—1918		1919—1922	
	Høy pr. mål	Relativtal	Høy pr. mål	Relativtal	Høy pr. mål	Relativtal
Veik grefning	447	100	304	100	366	100
Medelsterk gr.	391	88	303	99	477	131
Sterk grefning	334	75	286	94	447	122

Den veike grefninga har gjeve 12% meiravling enn den medelsterke, og 25% meire enn den sterke grefninga, dei 2 fyrste åra då myra har vore vanleg eng. Ein må soleis ikkje grefta mosemyra for sterkt um ho skal kultiverast til varug eng. Det same har prøvor og røymslor i Sverige og Tyskland vist.

Skal ein bruka mosemyra til beite vert det onnorleis. Den medelsterke grefninga har auka avlinga med 31% og den sterke grefninga med 22% meire enn den veike grefninga, i dei siste åra då beitinga har verka lenge nok. Den sterke grefninga har so mange fyremunar i ei intensiv beitedrift at ho vel i slike høve vil vera å tilråda. Ein kann byrja beitinga tidlegare um våren, og nytta beitet lenger um hausten, utan at beitedyra trampar opp for mykje. Dei betre voksterslag held seg betre når grunnvatnet står lågt i veksttida. Soleis viste desse prøvorne og, at voksterslag som *timotei*, *engrap*, *markrap*, *eng-swingel* og *kvitkløver* heldt seg betre når grefninga var sterk, medan *bunkegraset* breidde seg der grunnvatnet stod høgt.

Attlagde grefter må ein framforalt tilråda på beite, dei er varugare, og billigare å halda ved lag, og dei er ufårlege for beitedyre, noko som dei opne grefter ikkje er.

Etter desse prøvor ser det ut til, at våt jord må greftast sterkare til beite enn til vanleg eng. Forf. held fram, at um ein tek undan den veike grefninga, so har den djupe og umolda mosemyra ved kultivering på ovannemnde måte vorte eit sers bra beite. Myra som dei brukte til beite var 71 mål og den årlege avkastnad har vore:

	Beitedagar pr. mål	Vektauke pr. mål	Vektauke pr. dyr og dag
1917	28,9	24,1 kg.	0,83 kg.
1918	29,8	30,2 »	1,01 »
1919	29,3	31,5 »	1,07 »

	Beitedagar pr. mål	Vektauke pr. mål	Vektauke pr. dyr og dag
1920	31,3	37,9 »	1,21 »
1921	35,4	39,2 »	1,11 »
1922	31,3	40,8 »	1,30 »

Yteevna åt beitet har soleis auka jamnt frå år til år og dyra sin vektauke må segjast å vera mykje god. Beitet gav soleis dei siste åra 130—140 förverde pr. mål um ein berre reknar med produksjonsföret.

A. Hovd.

Skogalmanakk 1928 av *Julius Nygaard*. 291 sider med mange tabeller og verdifulle opplysninger. I kommisjon hos Grøndahl & Søn, Oslo. Pris kr. 6,00.

Årbok for beitebruk i Norge 1926—27, ved *M. Odélien*. Utgitt av Det Kgl. Selskap for Norges Vel. 111 sider. Pris kr. 1,00.

Om våre grønnsakers og rotveksters foredling. Av professor *Olav Moen*. Grøndahl & Søn's landbruksskrifter nr. 2. 93 sider med bilder. Pris kr. 3,50.

Om grønnsakers gjødselbehov og gjødsling. Av professor *Olav Moen*. Grøndahl & Søn's landbruksskrifter nr. 3. 66 sider med bilder. Pris kr. 2,00.

Om vær og vind i Trondhjem i tidsrummet 1885—1915 og **Trondhjemsvær**, resultater av de meteorologiske undersøkelser i Trondhjem i tiåret 1916—1925. Av *M. K. Håkanson-Hansen*. Den første 70 sider og den siste 53 sider. I kommisjon hos F. Bruuns bokhandel, Trondhjem.

Den unge jordbruker. Av *Christian Gierløff* med tegninger av *S. Segelcke*. 156 sider. Gyldendal Norsk Forlag, Oslo. Pris kr. 2,50.

Moorkunde nach dem gegenwärtigen Stande des Wissens auf Grund 30-jähriger Erfahrung von Direktor *Hans Schreiber*. Verlagsbuchhandlung Paul Parey, Berlin 1927. 192 sider med mange bilder.

Humuswirthschaft im Garten. Av *Johannes Benda*. Utgitt av *Torfstreuverband G. m. b. H.* Berlin 1928. 12 sider.

Ancylus — och litorinagränser inom geologiska kartbladet Gusum. Av *Gunnar Assarsson* og utgit av *Sveriges geologiska undersökning*. 29 sider med bilder og 1 kart. Pris 1 kr.

Örträsket och dess tappningskatastrofer. Av *G. Lundqvist* og utgit av *Sveriges geologiska undersökning*. 56 sider med bilder og 1 kart. Sammenfatning på tysk. Pris 1 kr.

Investigations of fuel and fuel testing 1925. Utgitt av *Canada Department of Mines*, Ottawa. 184 sider med bilder og tabeller.